



Det vert muligheter for salg og kjøp av utstyr på langrennsamlinga i helga.

**Laurdag og søndag skal skigruppa arrangera barkmarksamling. Oppmøte er ved hallen kl.10 laurdag, og det er eit tettpakka og variert program der det også vert lagt vekt på det sosiale. I samband med samlinga vert det også avvikla ein brukthandel av skiutstyr.**

Opplegget av brukthandelen blir då slik at folk heng ein lapp med namn/telefonnummer og eventuelt pris på utstyret som dei vil kvitta seg med. Utstyret skal så plasserast til venstre i foajèen når ein kjem inn i hallen. Dei som ønskjer kjøpa utstyr tar då sjølve kontakt med eigaren av utstyret for så å bli enige vidare. Første mann til mølla prinsippet vil gjelda.

Utstyret kan stå der frå ca. kl 10 på laurdagen, til samlinga er slutt på kvelden.

Dette er eit veldig flott tiltak av skigruppa. Mange veks frå utstyr som er både fint og godt. Det er eit veldig bra signal at skigruppa oppfordrar til gjenbruk med dette tiltaket.

Det vert også opplyst at dei som lurar på skilengder, kan lesa om det [her på UIL si heimeside](#).

De kan lesa [tidlegare sak om samlinga her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland